



Søknad om driftskonsesjon i henhold til mineralloven § 43

Skjemaet med vedlegg sendes til:

Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmesteren for Svalbard
Postboks 3021 Lade
7441 Trondheim

E-post: mail@dirmin.no
Telefon Sentralbord: (+47) 73 90 40 50
Hjemmeside: <http://www.dirmin.no>

LES VEILEDNINGEN FØR DU FYLLER UT SKJEMAET

1. Opplysninger om søker

Fullstendig navn/firma Magne Hafstad A/S			Organisasjonsnummer 974536935
Postadresse Hafstadvegen 72	Postnummer 6800	Sted Førde	Land Norge
Telefonnummer 57824030	Mobiltelefon 91395900	E-postadresse magne@magnehafstad.no	Hjemmeside www.magnehafstad.no

2. Opplysninger om området

Navn på uttaksområdet/uttaket Vie Sandtak	Uttaksområdets gårds- og bruksnummer 43/43 og 43/41	Kommune Førde
Størrelse på omsøkt areal (daa) 64,3 daa	Anslag totalvolum uttak (m ³) 207 000 m ³	Forventet årlig uttak (m ³) 20 000 m ³

3. Opplysninger om forekomsten

3.1.	Hvilken mineralkategori tilhører forekomsten?	Grunneiers mineraler ☒	Statens mineraler ☐
3.2.	Drives det på forekomsten i dag?	Ja ☒	Nei ☐
3.3.	Beskrivelse av forekomsten (type mineralforekomst, kvalitetsvurdering, anvendelser av råstoffet): Sandtaket er ein lausmassedeførekost. Det vert hovudsakleg produsert sand av ulike typar, men også noko singel og grus. Kvaliteten er rekna som god og sanden er godt eigna som betongtilslag.		



4. Forholdet til plan- og bygningsloven (pbl.)

4.1. Angi hvilket arealformål området har i kommuneplanens arealdel Massetak

4.2. Finnes det en godkjent reguleringsplan for området det søkes om konsesjon? Ja ☐ Nei ☒

Hvis ja, oppgi navn på planen og vedtaksdato:

Navn på plan: _____

Vedtaksdato: _____

Hvis nei:

Er det varslet oppstart av reguleringsplanarbeid for området? Ja ☒ Nei ☐

Er det gitt andre tillatelser etter pbl. for terrenginngrep i omsøkt område? Opplys om hvilke

Løye til masseuttak

5. Vedlegg til søknaden

Med søknaden skal alltid vedlegges:

5.1. Dokumentasjon på utvinningsrett til forekomsten

- For grunneiers mineraler: Kopi av signert leieavtale om uttak med grunneier, eller dokumentasjon på grunnbokshjemmel

- For statens mineraler: Oppgi rettighetsnummeret(ene)

5.2. Kart der omsøkt område hvor det foreligger utvinningsrett er tydelig inntegnet i målestokk 1:1000-/1:2000.

5.3. Gi en kort firmapresentasjon.

5.4. Redegjørelse for den kompetanse selskapet har for driften av det planlagte uttaket. Gi en oversikt over bergfaglig og annen teknisk kompetanse i organisasjonen.

5.5. Forslag til driftsplan, inkludert avslutningsplan. Driftsplanen skal være i samsvar med DMFs krav til driftsplaner.



5.6. Oversikt over økonomiske forhold:

5.6.1. For uttak som allerede er i drift:

- Godkjent årsregnskap for de siste to år

5.6.2. For nye uttak, eller tidligere uttak med nytt driftsselskap:

- Driftsbudsjett for det omsøkte uttaket for de 3 første driftsår

5.7. Vurdering av behovet for at det stilles økonomisk sikkerhet for gjennomføring av sikrings- og oppryddingstiltak, herunder forslag til form for og størrelse på sikkerheten.

5.8. Adresseliste over særlig berørte parter (nærmeste naboer, eller brukere av området).

5.9. Dokumentasjon på at behandlingsgebyret er betalt.

Kontonummer for innbetaling: 7694.05.05883

Gebyret er kr. 10.000. Dersom søknaden gjelder uttak som krever konsekvensutredning etter forskrift om konsekvensutredninger (26.juni 2009 nr. 855), er gebyret kr. 20.000.

Merk innbetalingen med Driftskonsesjon, navn på uttaket/uttaksområdet og navn på søker

6. Eventuelle tilleggsopplysninger

Direktoratet for mineralforvaltning kan kreve flere opplysninger dersom man finner det nødvendig for behandling av søknaden.

7. Underskrift


Sted og dato

Førde 13/10-2016

Underskrift

Haugseth

Konsesjonsområde
Vie sandtak i Førde kommune



DRIFTSPLAN VIE SANDTAK

Oppdragsgjevar
Oppdrag
Rapport type
Prosjektnr.

MAGNE HAFSTAD AS
DRIFTSPLAN
VIE SANDTAK
16153

DRIFTSPLAN



Innholdsliste

1. FORORD	2
2. RAMMEVILKÅR	2
2.1 LOKALISERING OG AVGRENSING AV PLANOMRÅDET	2
2.2 TOPOGRAFISKE FORHOLD	5
2.3 AREALSTATUS	6
3.2.1 KOMMUNEPLAN	6
2.3.2 REGULERINGSPLAN	7
2.3.3 ANDRE FORHOLD	8
2.3.4 EIGEDOMSFORHOLD	9
2.4 INFORMASJON OM MINERALFØREKOMSTEN	10
3. ROS-ANALYSE	12
4. UTTAKSPLAN	13
4.1 OVERORDNA FORHOLD	13
4.2 HISTORIKK/STATUS I DAG	15
4.3 PLANLAGT UTTAK	15
4.4 OPPRYDDING OG SIKRING UNDER DRIFT	20
5. AVSLUTNINGSPLAN	21
6. VEDLEGG	24

 Prosjektnr: 16 153		Dato: 17.10.2016		
Status /Rev:	Rev. gjeld:	Dato:	Sign:	KS:
0	Til 1. handsaming		SG	AT
1	Revisjon – beskriv.			
Kontaktinformasjon: Nordplan AS Pb 224 6771 Nordfjordeid Tlf: 57 88 55 00 www.nordplan.no		Kundeinformasjon: Magne Hafstad AS Hafstadvegen 72 6800 Førde Tlf: 57 82 40 30 / 913 95 900. www.magnehafstad.no		
Ansvarleg for oppdraget: Siri Gausemel		Prosjektleder: Arvid Tveit		
Utarbeidd av: Siri Gausemel		Sign: 		
Kontrollert av: Arvid Tveit		Sign: 		

1. Forord

Framlegget til driftsplan er eit samarbeid der Magne Hafstad AS har utarbeidd utgangspunkt for teikningar, profil og driftsplantekst, samt supplert med opplysningar om drifta. Nordplan AS har omarbeidd dette grunnlaget og gjennomført endelege kart, profil og driftsplandokument.

Driftsplanen vert utarbeidd med bakgrunn i gjeldande planverk. Det vert samstundes arbeidd med ny reguleringsplan for dette og nærliggande område, ein kan pårekne ny/revidert driftsplan i dei komande åra.


Dette dokumentet, med kart og vertikalsnitt vert å rekne som vedlegg nr 5.5 til søknad om driftskonsesjon for uttaket, levert oktober 2016.

2. Rammevilkår


2.1 Lokalisering og avgrensing av planområdet

Vie sandtak ligg på Vie om lag 3 km aust for Førde sentrum, i Førde kommune. Området ligg like aust for elva Jølstra. Planområdet har eit samla areal på om lag 64 300 m² og er ei utviding/vidareføring av eit eksisterande sandtak.

Tilkomst skjer via privat veg, frå kommunal veg 3160 Vievegen, som er knytt mot Fv 484 like ved Viabrua.



Planområdet er grovt markert med orange.



Planområdet er markert med raud avgrensing




Utklipp frå Fylkesatlas som viser flyfoto over planområdet frå Fotoserien Sunnfjord Høyanger 2015, med planavgrensing.

EU89-UTM Sone 32 X-koord 335291, Y-koord 681463, høgde 35 m o.h. Sjå også vedlegg til søknad om konsesjon 5.2, målestokk 1:50 000, og 1: og illustrasjonar under. Uttaksområdet er avgrensa i samsvar med gjeldande reguleringsplan på tre sider. I sørlig del er avgrensing knytt opp i mot målebrev i samband med løyve frå fylkeslandbruksstyret og vedlegg til avtalen med grunneigarane.

Gjennom arbeidet med denne driftsplanen ser ein at avgrensingane er lite hensiktsmessige med sikte på å gjere rasjonelle terrenggrep. Med dei arbeida som er gjort allereie er det lite rom for å opprette sikringssoner og overgangar til eksisterande terreng. Arbeidet med ny reguleringsplan omfattar eit større område, med utviding mot nordvest. Og ein legg til grunn at nokre av desse problemstillingane vert løyst gjennom dette arbeidet i lag med ein del overordna grep som ein ikkje får gjort innanfor dei rammene som ligg føre per i dag. Det vil vere naturleg å utarbeide ny/revidert driftsplan så snart reguleringsplan er handsama og godkjend.

2.2 Topografiske forhold



Utklipp frå Fylkesatlas som viser flyfoto over planområdet frå Fotoserien Sunnfjord Høyanger 2015, med planavgrensing.

Hovudtrekka i topografien for området går fram av utklippet over. Uttaksområdet er omkransa av landbruksareal og gardstun. Frå kommunal veg er det privat veg inn til sandtaket, som entreprenør er ansvarleg å vedlikehalde. Denne vegen går også vidare til eit gardstun på Viegjerde. På toppen av sandtaket er det ein lite brukt tilgang ved bruk av ein eldre veg frå kommunevegen.

Avstanden frå massetaket til næraste tun er liten (20 m frå uttaksgrensa), men tunet er plassert i bakkant av terreng, slik at ulempene er effektivt dempa. Øvrig bustadutbygging er spreidd, og ligg minimum 150 m unna. Området framstår ikkje konfliktfyllt, i forhold til støy/støv/innsyn m.m. Området ligg om lag 15 meter over havet, og berre nokre få meter over vassføringa i Jølstra. Intern høgdeforskjell er på om lag 45 m mellom høgaste og lågaste punkt.

Det renn ei lita grov gjennom planområdet, deler av denne er lagt i rør, sjå illustrasjon under.




Utklipp der vasstreng er illustrert med blå, og ANTATT rørplassering med gul farge.

2.3 Arealstatus

3.2.1 Kommuneplan

Dei delane av planområdet som er direkte berørt av drifta er regulert til masseuttak i kommuneplanen sin arealdel. Sjå utsnitt frå plankartet, under.



Utsnitt frå kommuneplanen sin arealdel 2014-2026, Plan ID 20130006.

2.3.2 Reguleringsplan

Eksisterande reguleringsplan

Ein stor del av området som driftsplanen omfattar er samanfallande med planområdet for reguleringsplan frå 1993:



Reguleringsplan, sandtak Vie del av gbnr 43/1 (Hallgeir Vie), godkjend 16.06.1993. Plan ID 19930054.

Krav i planen som har innverknad på drifta;

Innanfor planområdet ligg eit areal som er sett av areal til komposteringsanlegg for Vestlandske Salslag – dette er i aktiv bruk og vert vidareført i driftsplanen som eit eige føremål.

Sitat frå føresegnene til gjeldande plan:

§6 Generelt.

Den føreliggande reguleringsplanen omfattar ein del av det totale råstoffutvinningsområdet på Vie. Planen viser uttaksskråningar med fall ca. 1 : 1,8. Dersom detaljplanprosessen skulle avklåre at deler av skråningane skulle bli dei endelege (ikkje aktuelt med meir uttak av massar), skal skråningane ferdigstillast: jordkleast og tilsåast med fall ca. 1 : 2,5.

Det er også stilt konkrete krav i føresegnene om at det skal leggjast fram planar som syner driftsretningar, vegar og interne anlegg m.m. Desse ligg per i dag ikkje føre.

Ny reguleringsplan

Det er starta opp arbeid med ny reguleringsplan som inkluderer heile driftsplanområdet. Planprogram er utarbeidd og varsla i lag med oppstart av planarbeidet i 2009, av eit anna firma. Norplan AS planlegg å ha utkast til detaljregulering klart i løpet av våren 2017.

2.3.3 Andre forhold

Løyve frå Fylkeslandbrukssjefen

Uttaket som vert gjort i særleg del av uttaksområdet (utanfor godkjend reguleringsplan er basert på følgande vedtak:

MØTEBOK			
		Lbn./Fl.st.	Side
		3.	
Landbruksnemnda FØRDE		Fylkeslandbruksstyre SOGN OG FJORDANE	
Møte 15.07.82	Sak 54/82	Møte 21.09.82	Sak 260J/82
Reg.nr.	Tidl. sak	Reg.nr. 24/82-AF/BN	Tidl. sak
Fylkeslandbrukssjefen si rådsegn: Ein er samd i heradsagronomen si vurdering med tilråding. <u>Framlegg til vedtak:</u> Fylkeslandbruksstyret gjev i medhald av § 54 i jordlova, jfr. § 1 i same lov, samtykke til uttak av masse ut frå den plan som ligg føre på fylgjande vilkår: 1. Matjordlaget må takast vare på og lagrast på høveleg stad slik at jorda kan nyttast til fulldyrking av botnen i sandtaket etter at massane er uttekne. Dette dyrkingsarealet skal planerast slik at det får eit jamt fall på minst 1:100 mot gardsvegen ved elva. Ein del av matjorda kan med fordel nyttast til istandsetjing av nokre jordfattige parsellar elles på eigedomen. 2. Det må sikrast at skråningen i sandtaket (mot nord til dyrka jord) er stabil slik at det ikkje vert utrasing. 3. Bnr. 43 må sikrast tilfredsstillande driftsveg til det jordbruksarealet som etter punkt 1 skal opparbeidast i botnen av sandtaket. 4. Til gjennomføring av det som er nemnt i punkt 1 og 3 må det setjast av kr 7 000,- pr. dekar utteke areal dyrka jord - på sperra konto i bank. Pengane som skal setjast på konto i fylgje pkt. 4 kan berre nyttast etter tilvising av heradsagronomen. VEDTAK: Fylkeslandbruksstyret seier seg samd med fylkeslandbrukssjefen men med følgjande tilleggsvilkår. 5. Opparbeiding til landbruksland skal gjennomførast etter kvart arealet ikkje er i naudsynt bruk som arbeidsområde for sanduttak. Samrøystes vedtak: Fylkeslandbruksstyret seier seg samd med fylkeslandbrukssjefen.			

2.3.4 Eigedomsforhold

Gnr/bnr	Namn	Adresse
Grunneigarar		
43/1	Hallgeir Vie	Vie, 6800 Førde
43/43	Birgit Astrid og Erik Jon Vie	6800 Førde

Naboar		
43/2	Arild Hornnes	Vie, 6812 Førde
43/16	Geir Ståle Vie	Vie, 6812 Førde
Gjenbuar		
60/47	Terje Olav Bruland	Brulandsvegen 131, 6813 Førde

Andre rettshavarar er eigar av 43/4 (Viegjerdet) **NAMN** som har bruksrett på vegen som går gjennom massetaket.

Avtalar

Utvinningsrett er erverva ved følgande avtalar:

Kontrakt mellom: Hallgeir Vie, Erik Vie og Magne Hafstad, vedr. Deler av gnr/bnr 43/1 og 43/43, datert 21.01.1993, med kartvedlegg. Vedlegg 5.1 a).

Det er i tillegg utarbeidd eit vedlegg som presiserer avgrensinga av avtaleområdet og justerer denne noko. Det vert samstundes stadfest at avtalen står ved lag. Vedlegg 5.1 b).


2.4 Informasjon om mineralførekomsten

Førekomsten består primært av byggeråstoff i form av lausmasser som sand og grus, med noko fast fjell og større fraksjonar.

Geologi

Berggrunn:

I planområdet er i følge berggrunnskart frå NGI (fylkesatlas) diorittisk til granittisk gneis, migmatitt.




Lausmasse:

Planområdet er ein elvebanke med lausmasse. Denne består av skråstilte sand- og sand/gruslag, der sand er den dominerande kornfraksjonen.

Utklippet til venstre er henta frå Fylkesatlas.no – lausmassekart. Lys gul – bresjø/innsjøavsetning, mørk gul – breelvavsetning.

Førekomsten «Holsen» av sand og grus er vurdert til å vere meget viktig i Grus og pukk-karta til Norges geologiske undersøkelse, sjå figuren under. Massetaket er i aktiv drift.



Førekosten ligg innanfor raudt område, til høgre, ID nr: 1432-012, og er registrert som meget viktig. <http://geo.ngu.no/kart/minkommune/>

Konflikter

Type(r) : Jordbruk
: Bebyggelse
: Miljøulemper
: Vei
: Mulig verneverdig

Beskrivelse

Lateralt avsett brefrontavsetning. Bygd ut over ei utstikkande fjellhille nord for Kletten. Avsetninga er bygd opp som eit delta med eit grovt topplag, grusige og sandige skrålag og finkorna botnlag. Topplaget er steinig grus og grusig stein. Skrålaga fell generelt 20-30 grader mot nordvest, er opp til 30-40 cm tjukke og varierer mellom grov sand og grov grus. Enkelte steinrike lag ligg sentralt i avsetninga. Skrålaga blir gradvis meir finkorna mot djupet. Ca. 20 m o.h. går dei over i slakare finkorna botnlag, mest silt. Botnlaga går høgast i vest og sørvest. Området er regulert til maseuttak i Færde kommunes arealplan (2005-20017).

Avsetning

Type(r) : Breelavavsetning

Form(er) : Terrasse

Størrelse

Mektighet : 15.00 m.

Areal : 548142 m2.
Volum : 6988808 m3.

Arealbruk

Bebyggd : 5%
Annet : 5%
Skog : 5%
Utdrevet massetak : 15%
Dyrka mark : 70%

Kornfraksjoner

Blokk : 1%
Stein : 4%
Grus : 30%
Sand : 65%

Beskrivelse

Godt sortert og lagdelt materiale. Sand og grus dominerer, men også noko stein og blokk. Konflikt ved at fleire eig grunnen ved massetaket. Grunnvasspeilet er ikkje registrert med seismikk, men ligg truleg lågt over fjellgrunnen sentralt på avsetninga. Dette tyder på grove massar ned til fjellet. Drift vil truleg senke grunnvasspeilet. Overgangen mellom dei grove skrålaga og dei finkorna botnlaga ca. 20 m o.h. vil generelt vere nedre driftsgrense for avsetninga. Massetaket er drevet til fjell i sørøst. 200/: Det er teke ut masse til fjell og i fjell flerie stadar i massetaket, men driver opplyser at fjellet er "for hardt". Massane blir transporterte til Bruland for vidare foredling. Betongstasjonen er nedlagt, massetak 1 og 2 er drive saman. Det blir no teke ut masse i sen sørligste delen, området rundt den gamle betongstasjonen er nedlagt.

To utklipp frå Grusdatabasen, datert 27.09.2016, over.

3. ROS-analyse

For å vurdere om sikring er tilfredstillande er det gjennomført ein enkel ROS analyse, ved bruk av Nordplan sitt ROS-skjema for plansaker. Føremålet med gjennomgangen er å avdekke risikoforhold som vil krevje særskilte tiltak. Ein legg til grunn at det avklara på overordna plannivå at uttaket kan finne stad i dette området.

I denne saka er følgjande forhold identifiserte for nærare vurdering:

Skredfare

Fare for utglidingar og skred inne i planområdet er ikkje utgreidd nærare ut over at ein legg opp til å vidareføre den skråningsvinklelen som er naturleg etablert langs utkantane av uttaket. Sikkerheit ved drift skal vere handtert av føretaket sine interne rutiner.

Skjerming mot støv, støy og innsyn

Det er avklara i avtalen med grunneigarane pkt 7. (Vedlegg 5.1 a) at *Når masseuttaket som følge av tørke medfører støvplage for grunneierne, forplikter Hafstad seg til i nødvendig utstrekning å vanne anlegget.* Dette vil også vere ei tilstrekkelig løysing med tanke på eventuelle støvulemper for andre naboar i området, ettersom grunneigarane er dei som er lokalisert nærast uttaket.

Trafikkbelastning

Dette vart vurdert som eit mogleg problem, men etter samtale med tiltakshavar ser ein at den trafikken som uttaket genererer ikkje vil vere til særskild sjenanse for nærområdet.

Naturmangfald

Område som ikkje allereie er utnytta til massetak er i hovudsak dyrka areal og randsoner, der det er lite sannsynleg at det føreligg interessant biologisk mangfald.

Avrenning

Avrenning til vassdrag kan vere ei problemstilling. Ein har kome til at tiltak for å handtere avrenning er ikkje nødvendig. Overflatevatn stoppar opp lenge nok inne i brotet til at evt. slam i vatnet rekk å sedimentere før det når elveløpet. Det er viktig å oppretthalde dette forholdet ved evt. etablering av nye dreneringsløp i området.

Kulturminne

For dei areala som ikkje allereie er utnytta til massetak er det registrert nokre lokalitetar i overkant av uttaket. Det føreligg det ikkje kjennskap til særskilte problemstillingar knytt til kulturminne innanfor planområdet. Emnet ver handsama nærare i pågåande reguleringsarbeid.

Oppsummert

Det føreligg ikkje kjennskap til problemstillingar som tilseier at uttaket ikkje bør gjennomførast, følgande punkt vert følgde opp vidare i arbeidet:

- Fare for utgliding
- Skjerming støy
- Tiltak støv

4. Uttaksplan

4.1 Overordna forhold

Driftsselskap

Driftsselskapet er Magne Hafstad A/S. Bergteknisk ansvarleg er Magne Hafstad mob. 913 95 900.

Firmapresentasjon

Magne Hafstad A/S er eit firma som blei etablert i 1979. Firmaet held til i Førde og tek på seg arbeid i heile Sogn og Fjordane. Blant oppdragsgjevarane er Statens Vegvesen, Førde kommune, Mesta og Gravdal Gruppa. Drift av sandtak har frå første dag utgjort ein viktig del, og firmaet har fleire massetak i fylket. Det er totalt 36 tilsette og ei omsetnad på ca 75 mill. Magne Hafstad er dagleg leiar. For meir informasjon sjå www.magnehafstad.no.

Kompetanse i selskapet



Maskinentreprenør
MAGNE HAFSTAD A.S
www.magnehafstad.no

Kompetanseoversikt

Type	Antall ansatte med kompetanse
ADK-1	3
ADR	3
Arbeidsvarsling 1	40
Arbeidsvarsling 2	3
Arbeidsvarsling 3	0
BE	3
Fagbrev	28
Førstehjelp	38
Id-kort	36
Maskinførarbevis	24
Teknisk Fagskule	4
Motorsag	5
Skytebas	4
TLK	1
Traktor 50 km/t	3
Yrkessjåførbevis	7

4.2 Historikk/status i dag

Det har vore massetak i dette området om lag i frå 1950. Områda lengst sør har vore i drift frå 70-talet, og uttaket er avklara gjennom landbruksmyndigheitene (sjå eige avsnitt). Magne Hafstad AS overtok drifta i området tidleg på 90-talet. Tiltakshavar anslår grovt at det er teke ut om lag 560 000 m³, så langt.


Det ligg eit areal midt i planområdet som i gjeldande reguleringsplan er avsett til komposteringsanlegg. Dette er i bruk og arealdisponeringa skal halde fram som før, med tilkomst langs vegen som kjem inn frå vest. Markert «Kompostering» og gul farge i driftsplankartet.

Område som i driftsplankartet er markerte med grøn farge er naturleg vegetasjon som ein ikkje tenkjer å røre i drifta.

4.3 Planlagt uttak

Samla areal for konsesjonsområdet er 64 300 m². Ein bereknar at det står att 190 000m³ i Etappe 1 og 67 000m³ for utvinning i Etappe 2.

Ein forventar å ta ut om lag 20 000 m³/år. Planen vil omfatte eit totalt uttak på om lag 560 000 m³ + 207 000 m³ = 767 000 m³. Med desse premissane kan sandtaket vere i drift i ca 10 år til. Fram i mot 2026. Årlege uttak vil variere noko avhengig mellom anna av etterspurnad.



Utklippet viser disponering av dei ulike areala i planområdet under drift. Driftsplan ligg ved i målestokk 1:1000 (A1). Etappe 1 skal vere avslutat før ein opnar drift i Etappe 2.

Metode

I massetaket vert det utvunne sand og grus. Desse massane vert sortert/knust og lagra inne på området. Det vil vere drift i sandtaket gjennom heile året.

Det er aktuelt å knuse topplaget som består av grovare massar. Dei grovare massane vert brukt som fyllmasse, eller dei vert knust til singel og grus.

I direktoratet sin driftsplanveileder er det vist til anbefalt brattaste skråningsvinkel 1/1,5 for stein og 1/2,0 for sand og grus. Dei naturlege skråningane i dette området har ein vinkel på om lag 1/1,2 (-1,8). Desse er etablerte over tid i naturlege prosessar og er no vegeterte, ein oppfattar denne vinkelen som stabil for den typen masse som området består av. For arbeidet med terrengforming i denne saka har ein lagt til grunn at skråningsvinkelen på ferdig terreng skal ikkje vere brattare enn 1/1,5 (34°). Ein er kjende med at dette ikkje tilfredsstiller krava i gjeldande reguleringsplan. Grunngevinga for at likevel vel å gjere det slik er dels, som nemnt, at dette korresponderer med eksisterande skråningar, og dels at ein kjenner til at det vert arbeidd med detaljregulering som opnar for vidare uttak i store deler av skråningen. Dette tilseier at det terrenget som er vist i denne driftsplanen ikkje vil bli den permanente arronderinga.

Det ligg tre brakker/mindre bygg innanfor planområdet. Desse vert truleg fjerna. Det er ikkje lagt opp til faste installasjonar ut over eksisterande bygg på Komposteringsområdet.


Vidare uttak vert gjennomført i to etappar:

Etappe 1

Høgde forskjellen i dag om lag 41m. Ein legg opp til at ferdig skråningsfot vil ligge om lag på kote +15, høgdeforskjellen vert dermed lite endra.

Per dags dato har ein teke ut omtrent det som er mogleg å hente ut i nordaustre del, innanfor planavgrensinga. Deler av arealet er revegetert. Det står att noko ujamnheiter i skråninga som kan takast ut. Ut over dette dreier arbeidet i nordaust seg i hovudsak om å opprette ein stabil skråningsvinkel og legge til rette for ei god avgrensing mot området for lager og knusing.


Det er utarbeidd ein profil som illustrerer situasjonen i dette området, sjå under, denne ligg ved i målestokk 1:1000 (A2).



Uttaket vil vere mest aktivt i sør/aust, her står det att ein rygg av lausmassar som ein tenkjer å ta ut fortløpande i dei næraste åra. Heilt sør i området går ein bekk, det vil vere nødvendig å sikre denne enten ved plastring eller ve då legge ned røyr, etter som uttaket kjem nær bekkeløpet.

Ein bereknar at det står at om lag 140 000m³ å ta ut i Etappe 1. Driftsretning vil hovudsakleg vere rett aust, og ein vil arbeide frå toppen og ned der dette let seg gjere, elles hente ut masse frå foten av skråninga.

Det er utarbeidd ein profil som illustrerer situasjonen i dette området, sjå under, denne ligg ved i målestokk 1:1000 (A2).





Etappe 2

Ligg litt unna Etappe 1, i den nordlege delen av planområdet. Her tenkjer ein å ta ut masse i heile breidda og i full høgde. Driftsretning vil vere nordover, slik at ein går rett inn i bakken mot nord og vest, markert Etappe 2, med rosa/lilla farge i driftsplankartet. Eksisterande bygningar ligg om lag på kote +24. Det kan vere aktuelt å fjerne desse i arbeidsfasen for Etappe 2. Lågaste nivå i denne delen av uttaket kan vere kote +20.

Høgdeforskjellen i den aktive delen av uttaket er 30-33m. Ein legg opp til at skråningsfoten vil ligge på om lag kote +20/22.

Det er utarbeidd to profilar som syner uttaket desse ligg ved i målestokk 1:1000 (A2).





Lager og knusing

Det relativt flate området i botnen av uttaket (markert «lager og knusing» med lilla farge i driftsplankartet) skal framleis nyttast til lagerområde og delvis som oppstillingsplass for knuseverk/sortering. Knusing skjer berre sporadisk, med mobilt knuseverk/innleigd entreprenør. Lågaste nivå innanfor dette arealet kan vere kote +13.

Sorteringa vil skje innanfor området Lager og knusing, i periodar med mykje levering og når det er nødvendig å bygge opp lageret. Til sorteringa vert det brukt sorteringsverk og maskiner som driftsselskapet disponerer. Dei sorterte massane vert lagra på kvar sin plass innanfor dette arealet. Plassering vil kunne variere over tid avhengig av uttaket. Massane skal lagrast med god avstand frå kvarandre slik at dei ikkje skal kunne blande seg. Kvar fraksjon skal merkast med tydeleg skilt.

Området skal haldest ryddig, og med god oversikt over utstyr og lagerplass.

Avdekkingsmasse vert reinska vekk og plassert etter anvisning frå grunneigar, ofte utanfor planområdet. Matjord skal takst vare på for seinare bruk på arealet. Det vil ikkje vere vrakmasse frå uttaket, alle fraksjonar vert nytta.

4.4 Opprydding og sikring under drift

Massetaket skal til ei kvar tid vere sikra slik at det ikkje er til fare for menneske og dyr. Tilkomstpunkt skal vere sikra med portar/gjerde og skilting, uvedkomande ingen tilgang.

Det skal vere sikringsgjerde langs toppen av dei to hovudskråningane. Desse er vist om lag i plangrensa, men kan gjerne plasserast nokre meter unna kanten etter avtale med grunneigar. Det står i dag eit gjerde langs toppen av Etappe2 (Markert med grønt i

driftsplankartet). Ettersom ein når opp til dette nivået med uttaket skal det etablerast nytt gjerde på toppen i samsvar med driftsplankart. Ut over dette skal eventuelle farlige skråningar undervegs i arbeidet vert sikra med gjerde/sperreband. Massetaket skal også vere markert med nødvendig skilting.

Vert skråninga for bratt/ustabil under arbeid med uttak av masser, må maskiner inn og slette ned denne. Brattaste skråningsvinkel skal vere 1/1,5.

5. Avslutningsplan

Krav frå kontrakten som gjeld for området: Arealet som vert disponert i samband med masseuttaket skal så tidleg som praktisk råd tilbakeførast til den stand som er angitt i kontrakt med grunneigarar.

Sitat frå Kontrakt (vedlegg 5.1 a):

4. Det areal Hafstad disponerer i forbindelse med masseuttaket skal så tidlig dette er praktisk mulig, tilbakeføres til produktivt jordbruksareal.

Hafstad forplikter seg i denne forbindelse til:


- a) Å forflytte sorteringsanlegg og lager innen området i den grad driften gjør dette forsvarlig.*
- b) Tilbakeføring av matjord og ferdig grovplanerting av arealet inklusiv fjerning av stein, så snart dette lar seg gjøre.*
- c) (...)*

Dette er føreset at drifta skal avsluttast for godt. Denne føresetnaden kan bli endra ved ny driftsplan basert på reguleringsplanen som er under arbeid.


Terrengtilpassing

Ein har forsøkt å forme terrenget på ein slik måte at inntrykket etter avslutta uttak er mest mogleg avdempa og samsvarer med terrengformene i nærområdet.

Terrengmessige endringar skjer i hovudsak på to område i nordleg og sørleg del av uttaket. Sjå figurane under.



Illustrasjonen viser terrenget i planområdet, slik det framstår i dag.



Illustrasjonen viser terrenget i planområdet, slik det vil framstå etter avslutta uttak.

Etappe 1:

For nordleg del av skråninga i aust gjenstår lite masse, primært å opprette ferdig skråning. Deler av skråninga er ferdig avslutta slik den står i dag, og bør ikkje rørast.

Sørleg del av uttaket har meir masse og meir areal å gå på. Ein anbefalar å etablere ein skråningsvinkel på 1:2 så langt dette let seg gjere utan å kome i konflikt med avtalte plangrenser. Ferdig skråning skal ingen stad vere brattare enn 1:1,5.

Det skal ryddast opp langs fyllingsfoten, og ein må arbeide for ein god stabil overgang mot flatt terreng. Det må også gjerast tiltak for å sikre bekkeløpet som går langs uttaksgrensa i sør, slik at det ikkje er fare for erosjonsskader t.d. ved store nedbørsmengder.

Avslutning på desse areala skal gjerast fortløpande, i samsvar med privat avtale for området. I dette ligg at det vil vere aktuelt å framskande revegetering ved å så med eigna frøblanding, evt. plante nokre mindre tre. Dette vil vere med å hindre erosjon som kan skape ustabile parti i skråningane. Etappe 1 skal vere avslutta før ein tek til med arbeid i Etappe2.

Etappe 2:

Ved avslutta uttak skal alle skråningar i lausmasse vere stabile. Ferdig skråning skal ingen stad vere brattare enn 1:1,5. Når skråninga er stabil/i samsvar med regulerte høgder skal ein revegetere skråninga, minimum ved at det vert sådd. Dersom det ikkje er gjort i samband med uttaket skal ein fjerne dei to bygga som står ved fyllingsfoten. Ferdige skråningsvinklar skal ingen stad vere brattare enn 1/1,5.

Landbruksområde

Etter at Etappe 2 er avslutta skal to område tilbakeførast til landbruksareal. Totalt 19,5 daa skal planerast, ryddast for stein og leggst til rette for landbruksføremål, (slåtteng) med minimum 50 cm tjukt lag med vekstjord, ved tilkøyring av jord som er lagra i nærområdet til denne bruk. Tilstellinga skal inkludere dyrking til ei jamt flate og attsåing med eigna frøblanding.

Dersom den ikkje er fjerna i samband med drift eller opprydding på etappe 2 skal brakka som står i området fjernast.

Vegar og kompostering


Vegar i området kan ligge som dei er. Komposteringsområdet, med vegtilkomst skal brukast vidare som det er utan konkrete tilstellingstiltak.

Opprydding og sikring etter ferdig uttak

Ved ferdig avslutta uttak skal det vere permanente sikringsgjerde langs skjeringstoppen. Inngjerding på tilkomstsida til uttaket skal fjernast når området Lager og knusing går ut av bruk.

Dersom drifta i uttaket vert permanent avslutta skal området også ryddast for maskiner og utstyr.

Vurdering av økonomisk sikkerheit for uttaket, sjå vedlegg 5.7 til konsesjonssøknad.



Avslutningsplan, datert 08.10.2016. Avslutningsplan ligg ved i målestokk 1:1000 (A1).

6. Vedlegg


Vedlegg:

1. Oversiktskart – sjå konsesjonssøknaden vedlegg 5.2a) og b).

2. Kart og profil Massetak Vie 16153, datert 11.10.2016 vedlegg 5.5.
 - a. Driftsplan - Oversiktskart målestokk 1:1000 (A1).
 - b. Avslutningsplan - målestokk 1:1000 (A1).
 - c. Profil A-A', Profil B-B', Profil -C-C' , Profil -D-D' – målestokk 1:1000 (A2).



Driftsplanområde Vie	
Magne Hafstad AS 1:50000 (A4)	
2016-10-17 10:20	Vedlegg 5.2 a)



N6846375, Ø16541 +

Løland

Vægsen

43/1

43/2

Tåvarpet

60/47


43/7


Driftsplanområde Vie	
Magne Hafstad AS 1:1500 (A3)	
2016-10-17 10:17	Vedlegg 5.2 b)





+ N6845760, Ø16111

50m

Utskrift fra www.fylkesatlas.no.
Rettigheter og bruk: Norge digitalt







SAKSBEHANDLING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA			
FRAMLEGG OG REVISJONAR	REV- NR.	DATO	SIGN.
SAKSBEHANDLING	SAKS- NR.	DATO	SIGN.
KOMMUNESTYRETS VEDTAK			
Plantype		Plan-ID	
Profilar			
Kommune - planområde			
Førde kommune			
Massetak Vie			
Oppdragsgjevar			
Magne Hafstad AS			
Prosjektnr.:	Teikningsnr.:	Utarbeidd:	Rev.:
16153	01	11.10.16	-
Målestokk:			
1:1000 (A2)			
NORDPLAN AS		Tlf.:	57 88 55 00
Boks 224			
Eidsgata 45			
6771 Nordfjordeid			
		Epost:	post@nordplan.no
		Web:	www.nordplan.no